

Kunstige fiskerev

Sommaren og hausten 1998 blei det gjennomført eit omfattande feltarbeid på Ekofisk og Gullfaks for å sjå om overflødige oljeinstallasjonar i Nordsjøen kunne nyttast som kunstige fiskerev. Sluttrapporten blei levert januar 1999. I mai blei det gjennomført eit kort tokt rundt Ekofisk for å verifisere resultatane frå året før. Arbeidet konkluderte med at det finst auka konsentrasjonar av fisk nær oljeinstallasjonane i Nordsjøen, og at etterlatte plattformer nytta som kunstige fiskerev kan ha gitt auka fangst for eit avgrensa tal fiskarar som nyttar passive reiskaper.

Det blei og undersøkt sommaren 1998/99 om det var auka konsentrasjonar av fisk langs olje- og gassrørleidningane i Nordsjøen. Verken trålfangstar eller akustisk kartlegging ga haldepunkt for dette. Likevel fekk ein større garnfangstar langs rørleidningane enn i andre område.